



Jnr. 1065.20
GJG/rr

Ordførarar og rådmenn/kommunedirektørar i Sunnhordland
Ordførar og rådmann i Haugesund kommune
Ordførar og rådmann i Vindafjord kommune

INNKALLING TIL MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND

Det vert med dette kalla inn til møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland

fredag 5. juni 2020 kl. 09.30 på Stord Hotel, Stord

Då vert føre:

- Sak 22/20 Godkjenning av referat frå 24 april d.å
- Sak 23/20 Nytt varamedlem i fylkesgeodatautvalet under Kartverket Vestland
- Sak 24/20 Ringverknadsanalyse Havvind
- Sak 25/20 Etske retningsliner for Samarbeidsrådet/Visit Sunnhordland
- Sak 26/20 Hordfast – vidare arbeid
- Sak 27/20 Mogeleg overgang til Rogaland fylke
- Sak 28/20 Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
- Sak 29/20 Skriv og meldingar
 - a) Bemanning i administrasjonen
 - b) Kommunal museumsstrategi – status
 - c) Møte med Haugalandrådet 5 juni – utsett
 - d) Status prosjekt i Samarbeidsrådet
 - e) Ringverknadsanalyse havbruk i Sunnhordland
- Sak 30/20 Ymse

Sunnhordland, 28. mai 2020

Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 5. juni kl. 09.30
Stord Hotel, Stord

Sak 23/20
GJG/rr

Nytt varamedlem i fylkesgeodatautvalet under Kartverket Vestland

Fylkesgeodatautvalet er styringsgruppe for plan- og temadata i Vestland. Fylkesgeodatautvalet vert administrert av Kartverket Vestland, men vert leia av fylkesmannen med Vestland fylkeskommune som nestleiar.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har ansvar for å peika ut representantar frå Sunnhordland til Fylkesgeodatautvalet FGU under Kartverket Vestland.

Samarbeidsrådet valte i møte 27 november 2014 Bjarne Hetlesæter, Sveio kommune som fast medlem og med Bjørn Eikemo som vararepresentant.

Eikemo har meldt frå om at han no vert pensjonist og Samarbeidsrådet må difor velja ny vararepresentant.

Dette er eit utval som Samarbeidsrådet er blitt oppmoda om å peika ut ein representant til. Samarbeidsrådet vart i starten fakturert med kostnaden med reiser. Dette var kostnadar som Samarbeidsrådet ikkje hadde rekna med i sitt driftsbudsjett og det vart difor i møte i 27 november 2014 bestemt at Statens kartverk eller fylkesmannen må dekke kostnadane.

Administrasjonen har vore i kontakt med Bjarne Hetlesæter. Han har sagt seg villig til å fortsetja som fast representant for Sunnhordland om det er ønskjeleg.

Administrasjonen ber om at kommunane sjekkar ut aktuelle kandidatar til ny vararepresentant i sin kommune før møte.

Framlegg til vedtak:

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vel Bjarne Hetlesæter, Sveio kommune som fast representant til Fylkesgeodatautvalet og som vararepresentant.
2. Kostnadane må dekkast av Kartverket Vestland eller Fylkesmannen i Vestland.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 5. juni kl. 09.30
Stord Hotel, Stord

Sak 24/20
GJG/rr

Ringverknadsanalyse for flytande havvind

Haugaland Vekst IKS har invitert Samarbeidsrådet for Sunnhordland med i eit prosjekt som ser på ringverknaden for flytande havvind i regionen. Arbeidet har totalt ei kostnadsramme på om lag 550 000 NOK, og Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS blir invitert til å delta i prosjektet som partner med Haugaland Vekst IKS gjennom eit bidrag til finansiering på inntil kr. 137 500

Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Haugaland Vekst vil synleggjerast som samarbeidspartar både i rapportane og i presentasjonar av rapportane, og begge vil fritt kunne nytte innhaldet i analysane internt og eksternt. Arbeidet med å få gjennomført analysane hastar då sentrale myndigheiter no er i en fase kor avgjerdsar no vert teken i høve til motkonjunktur tiltak.

Kort om prosjektet

Havvind er ei ny næring i kraftig vekst. I følgje Menon-rapport nr. 76/2018 hadde havvind ei verdiskaping i Noreg på om lag 4 milliardar NOK i 2017 og ei sysselsetting på 1600 årsverk. Potensialet for verdiskaping i eit 10-30 års perspektiv er imidlertid enormt, med ein stipulert marknad i 2030 på NOK 500 milliardar og NOK 1 000 milliardar i 2050, ifølgje IRENA (The International Renewable Energy Agency).

Det er tidlegare publisert fleire rapportar om verdiskapingspotensialet innan havvind generelt, men også for flytande havvind – seinast Menon-rapport. 69/2019. I den analysen kartla Menon potensialet for norske marknadsdelar for globale og nasjonale utbyggingar av havvind.

Utsira Nord er eitt av dei mest aktuelle områda Regjeringen vurderer å opne for utbygging av flytande havvind. Haugaland Vekst IKS i samarbeid med Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS å få laga ein ringverknadsanalyse for utbygging av 2x500 MW vindparkar i området. Analysen vil ha fokus på dei nasjonale og regionale ringverknadene av investeringar og drift av dei to spesifikke anlegga. I tillegg vil det bli gjennomført ei nasjonal og regional ringverknadsanalyse for industriell utvikling knytta til flytande havvind.

Analysene vil ha fokus på dei kortsiktige utfordringane vi står ovanfor samstundes som dei har eit langsiktig perspektiv. Arbeidet vil bli gjennomført av Menon Economics og har ei kostnadsramme på 450 000 NOK.

Bakgrunn for prosjektet

I 2018 var det i følge SSB (Statistisk sentralbyrå) 140 000 arbeidstakarar direkte eller indirekte sysselsette i petroleumsnæringa. I 2013 var tilsvarande tal 232 000, med andre ord ein nedgang på 90 000 sysselsette frå 2013 til 2018. Som eit resultat av oljekrisa, koronapandemien og nasjonale og internasjonale klimamål og forpliktelsar, er det forventta ein ytterlegare nedgang i talet på sysselsette knytta til denne næringa i åra framover.

Mellom anna slår ei ny studie frå Rystad Energy alarm om nesten halverte oljeinvesteringar i Norge fram mot 2022. Verst vil det gå utover bygging av plattformar, der marknaden vil falla med opp mot 70 prosent, samanlikna med 2019-nivå.

Erfaringane etter finanskrisa i 2008 og oljenedturen i 2014 viser at spesielt aktørar innan leverandørindustrien blir hardt råka etter kriser som vi no står oppe i. Samstundes har leverandørindustrien og øvrige maritime og offshorerelaterte verksemdar erfaring og kompetanse som kan nyttast til å utvikle nye bærekraftige eksportretta næringar. Ein stor del av industrien og verksemdene er lokalisert i vår region.

I krisetider som vi no står oppe i er det – i tillegg til å handtere sjølve krisa – viktig å ha søkelys på framtidsmoglegheitene. Dette ønskjer Haugaland Vekst IKS i samarbeid med Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS å bidra til, mellom anna ved å gjennomføre analyser som ser på dei nasjonale og regionale ringverknadene av to flytande havvindparkar på 500 MW kvar på Utsira Nord.

Bakgrunnen for at vi har valt å konsentrere oss om Utsira Nord, er mellom anna at dei fleste reknar med at det er dette feltet styresmaktene vil opne for utbygging først. I tillegg er det spesielt relevant grunna den geografiske nærleiken feltet har til regionen vår.

Haugaland Vekst IKS har tidlegare bidratt til å få realisert Menon-publikasjon nr. 69/2019 som analyserer verdiskapingspotensialet knytta til utviklinga av ein norskbasert industri innan flytande havvind.

Sidan publisering i september 2019 har rapporten bidratt til auka fokus på moglegheitene innan havvind – både i industrien, hjå organisasjonane og ikkje minst hjå styresmaktene. Den planlagte analysen som ser på dei direkte ringverknadene av ei utbygging av 2x500 MW flytande havvindparkar på Utsira Nord, vil ytterlegare stimulere til innovasjon, nytenking og posisjonering i tillegg til å spre optimisme i ein industri som i dag og framover vil ha stor trong for nye bein å stå på.

Flytande havvind kan bli eit nytt industrielt eventyr for Norge. Berre i Europa åleine er det ein gigantisk eksportmarknad der fleire tusen flytande turbinar skal installerast dei neste 20-30 åra. Danmark og Nederland var tidleg ute med å etablere botnfaste havvindparkar utanfor eigen kyst, og klarte gjennom denne heimemarknaden å ta ein dominerande posisjon i marknaden for botnfaste havvindparkar.

Noreg kan ta ein tilsvarande posisjon innan flytande havvind, men det hastar. Andre land rundt Nordsjø-bassenget er alt i ferd med å posisjonere seg også på dette området. Men ingen har førebels dei same føresetnadene som Noreg. Vi har lokasjonar og anlegg som gjer produksjon og lagring av flytande havvindmøller mogleg, vi har leiande kompetanse innan betongindustri og vi har ei heil leverandørkjede med lang erfaring og høg kompetanse innan flytande konstruksjonar, subsea-teknologi og offshore-operasjonar.

Skal Noreg halda på føremonene og framleis vera i front innan flytande havvind, vil ein heimemarknad vera heilt avgjerande. Ei rask opning og utbygging av Utsira Nord vil vera eit viktig bidrag til å etablere denne heimemarknaden.

Ei nasjonal og regional ringverknadsanalyse for utbygging og drift av 2x500 MW flytande havvindparkar på Utsira Nord, samt ei analyse knytta til potensialet for regional industriell utvikling vil som nemnt over kunne bidra til innovasjon, nytenking og posisjonering i ein marknad med eit

formidabelt eksportpotensial. Ein marknad som over tid vil kunne hjelpe oss å erstatte nokre av dei titusenar av arbeidsplassar som har forsvunne og vil forsvinne i petroleumsrelaterede næringar. Realisering av industrielle prosjekt knytta til havvindmarknaden slår «to fluer i ein smekk». I tillegg til å oppretthalde aktiviteten i økonomien og skape nye arbeidsplassar, vil satsing på havvind bidra til grøn omstilling. Det er også verd å merka seg at om lag 40 prosent av verdikjeden innan havvind er sammenfallande med verdikjeden for olje og gass. Og andelen er størst innan flytande havvind.

Korleis gjennomføre prosjektet

Det vil bli inngått avtale med Menon Economics for gjennomføring av ringverknadsanalysene, men dette arbeidet hastar no pga. arbeidet med motkonjunkturtiltak hos sentrale styremakter. Menon er eit medarbeidereigd konsultentselskap som opererer i grenseflatene mellom økonomi, politikk og marknad. Dei om lag 45 tilsette er alle økonomar, der ein fjerdedel har doktorgrad.

Menon analyserer økonomiske problemstillingar og gir råd til bedrifter, organisasjonar og styresmakter. Dei kombinerer samfunns- og bedriftsøkonomisk kompetanse innanfor fagfelt som nærings- og konkurranseøkonomi, strategi, finans og organisasjonsdesign, i tillegg til samfunnsøkonomisk lønsemd. Menon nyttar forskningsbaserte metodar i analysene sine og jobbar tett med leiande professorar innanfor dei fleste fagfelt. Menon sine analyser danner kunnskapsgrunnlag for offentlege investeringar eller prioriteringar, og dei har mellom anna rammeavtale med Finansdepartementet innan kvalitetssikring av offentlege investeringar (KS-ordninga).

Utgangspunktet for analysene vil vera Menon-rapporten «Verdiskapingspotensialet knyttet til utviklingen av en norskbasert industri for flytende havvind» som blei lansert i september 2019.

Data frå rapporten vil danna grunnlag for ringverknadsanalysen av utbygging og drift av to havvindparkar ved Utsira Nord og analyser knytta til potensialet for industriell utvikling. Menon har ein av dei absolutt beste ringverknadsmodellane i marknaden. Som input tek modellen kostnader i samband med eit prosjekt eller ei næring og estimerer på bakgrunn av dette dei samla verdiskapings- og sysselsetjingseffektane.

Resultata for analysene vil vera ei dekomponering av prosjekta sine samla effektar og indirekte ringverknader, i tillegg til ei geografisk fordeling av desse heilt ned på kommunalt nivå.

I analysen knytta til potensialet for nasjonal og regional industriell utvikling vil Menon ta utgangspunkt i eigne vurderingar av utfallsrommet for norske marknadsdelar av den globale marknaden for flytande havvind. Det regionale potensialet vil bli greia ut i to ledd der ein i første ledd ser på regionale effektar basert på konsentrasjonen av verksemder knytta til offshore leverandørindustri, maritim næring og annan relevant industri. Deretter vil det regionale potensialet bli justert basert på effektane frå Utsira Nord, inkludert planar for produksjon, samanstilling og lagring.

Analysene vil bli ramma inn av den økonomiske situasjonen Noreg no står ovanfor, i tillegg til næringslivet og regionen sin konkurransekraft som no er under ekstremt sterkt press, i ein marknad med betydeleg vekstpotensial.

Kostnader

Haugaland Vekst IKS har fått eit tilbod på 450 000 NOK frå Menon Economics for gjennomføring og samanstilling av ringverknadsanalysene knytta til utbygging og drift av Utsira Nord og analysen knytta til potensialet for regional industriell utvikling. I tillegg har Haugaland Vekst IKS rekna inn andre kostnader knytta til prosjektet på om lag 100 000 NOK.

Haugaland Vekst IKS inviterer derfor Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS som samarbeidspartner for å få realisert prosjektet gjennom å bidra med finansiering på inntil 137 500 NOK.

Haugaland Vekst IKS vil invitere Innovasjon Norge og lokale verksemder til å bidra med støtte for å få finansiert prosjektet. Dersom arbeidet med ekstern finansiering lukkast, vil bidraga frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS og Haugaland Vekst IKS kunne reduserast.

Arbeidet med å få gjennomført analysene hastar då sentrale myndigheiter no er i ein fase kor beslutningar tas ifm. motkonjunkturtiltak. Vi ber derfor om ei rask avgjerd på om dykk vil vere med, eller om me alt. tilpasser analysene for eigen region.

Kostnader		SUM
Budsjettert timelønn	600	
Antall interntimer	90	
Personalkostnader Haugaland Vekst inkl. overhead		54 000
Menon Economics (eksklusiv reiser)	450 000	
Annen rådgivning	30 000	480 000
Reiser og møter	10 000	10 000
Øvrige kostnader for utstyr, materialer og tenester		6 000
SUM		550 000

Finansieringsplan		
Haugaland Vekst og Samarbeidsrådet for Sunnhordland	50 %	275 000
Ekstern finansiering	50 %	275 000
SUM	100 %	550 000

Vurdering

Sunnhordland har ein verdslaiande leverandørindustri, og bedrifter i regionen har alt delteke i store utbyggingsprosjekt på havvind.

I arbeidet med å skapa ny vekst og nye arbeidsplassar, er havvind eit område der regionen kan ta ein leiande posisjon.

Data frå rapporten vil danna grunnlag for ringverknaden av utbygging og drift av to havvindparkar ved Utsira Nord og analysar knytt til potensialet for industriell utvikling

Det regionale potensialet vil bli greia ut i to ledd der ein i første ledd ser på regionale effektar basert på konsentrasjonen av verksemder knytt til offshore leverandørindustri, maritim næring og annan relevant industri. Deretter vil det regionale potensialet bli justert basert på effektane frå Utsira Nord, inkludert planar for produksjon, samanstilling og lagring.

Det er store forventingar frå sentrale industriaktørar til at regjeringa vil avklara konsesjons- og rammevilkår innan sumaren 2020, og at det vert utlysing av to fullskala flytande havvindparkar med mål om konsesjonsutdeling i løpet av året.

Administrasjonen meiner at Samarbeidsrådet bør vera med i dette arbeidet, og at det er naturleg at rådet har ein plass i styringsgruppa.

Samarbeidsrådet bør søkja Vestland fylkeskommune om delfinansiering av prosjektet. Resultatet av prosjektet bør vera av stor interesse også for fylkeskommunen.

Dersom ikkje Vestland fylkeskommune går inn med midlar, må Samarbeidsrådet gjera ei ny vurdering.

I søknaden til fylkeskommunen må Samarbeidsrådet leggja inn ein eigendel. Denne må takast frå tiltakspotten.

Framlegg til vedtak

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland er positive til å vera partner i prosjektet Ringverknadsanalyse for flytande havvind.
2. Samarbeidsrådet søker Vestland fylkeskommune om delfinansiering av prosjektet.
3. Samarbeidsrådet løyver inntil kr. 50 000 frå tiltakspotten, som vert redusert til kr. 250 000,-.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 5. juni kl. 09.30
Stord Hotel, Stord

Sak 25/20
GJG/rr

Etiske retningslinjer for Samarbeidsrådet/Visit Sunnhordland

Samarbeidsrådet sin etiske retningslinjer vart utarbeid i 2011. Gjennom arbeidet med «Merket for bærekraftig reisemål» er det og eit krav at destinasjonsselskapet har etiske retningslinjer. Visit Sunnhordland er ein del av Samarbeidsrådet. Difor legg administrasjonen fram dei tidlegare vedtekne etiske retningslinjer der administrasjonen no har lagt Visit Sunnhordland med.

Føremål

Samarbeidsrådet for Sunnhordland/Visit Sunnhordland skal opplevast som rederleg, open og ærleg i all aktivitet. Omdømet skal tuftast på resultat av arbeidet med regional utvikling. Ordførarar, rådmenn/kommunedirektørar og tilsette har ansvar for å opptre i samsvar med dette, og lojalt halda dei verdiane som er nedfelt i strategisk plan.

Misbruk av mynde

Misbruk av mynde i Samarbeidsrådet/Visit Sunnhordland skal hindrast ved

- utvida offentleg sakshandsaming
- etiske retningslinjer

Gåver og personleg vinning

Tilsette, ordførarar og rådmenn/kommunedirektørar skal ikkje på eigne vegne eller for andre, ta imot eller leggja til rette for å oppnå personleg vinning. Personleg vinning kan vera gåver, reiser, hotellopphald, servering, rabattar, lån eller andre ytingar eller gunst som kan påverka handlingar, saksførebuing eller vedtak, og vera i strid med straffelova § 276. Det kan vera høve der ein kan ta imot gåver, men det skal gjerast etter ei konkret vurdering av gåva.

Moment i ei konkret vurdering skal vera: verdi av gåva, sedvane i bransjen, føremål med ytinga, mottakar si stilling/yting, og offentleg kjennskap til gåva/ytinga. Dagleg leiar føretek denne vurderinga for dei tilsette og styreleiar for dagleg leiar.

Integritet- interessekonflikt – habilitet

Ordførarar, rådmenn/kommunedirektørar og tilsette i Samarbeidsrådet/Visit Sunnhordland skal søkja å unngå situasjonar som kan medføre konflikt mellom Samarbeidsrådet/Visit Sunnhordland sine interesser og personlege interesser, konkurransesituasjonar eller lojalitetskonfliktar.

Døme på dette kan vera:

- forretningsmessige tilhøve
- løna biverv
- personlege økonomiske interesser
- engasjement i interesseorganisasjonar kjøp av private tenester frå Samarbeidsrådet/Visit Sunnhordland sine leverandørar, når dette ikkje er generelle tilbod til alle tilsette
- familiære og nære sosiale tilhøve

Ved moglege interessekonfliktar skal tilsette, ordførarar og rådmenn/kommunedirektørar ta opp spørsmål om habilitet med dagleg leiar eller styreleiar.

Innkjøp og bruk av utstyr.

Innkjøp til Samarbeidsrådet/Visit Sunnhordland skal gjerast etter styrevedtak i Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Teieplikt.

Fortrullege opplysningar ordførarar, rådmenn/kommunedirektørar eller tilsette får kjennskap til ved handsaming av saker, skal ikkje meddelast andre, og må ikkje nyttast til personleg vinning.

Rutinar ved brot/mistanke om brot på retningslinene.

Ordførarar, rådmenn/kommunedirektørar og tilsette som gjennom sitt arbeid eller tillitsverv vert kjent med tilhøve som ikkje er i samsvar med Samarbeidsrådet/Visit Sunnhordland sine etiske retningsliner, har eit sjølvstendig ansvar for å ta dette opp med dagleg leiar, styreleiar eller i Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

For tilsette vil det vera dagleg leiar som har ansvar for at saka vert følgd opp. Ordførarar og rådmenn/kommunedirektørar og dagleg leiar vender seg til styreleiar.

Dersom det ikkje er naturleg å ta kontakt med dagleg leiar eller styreleiar, kan ein ta kontakt med:

- Nestleiar
- Styremedlem

Oppdatering av retningslinene.

Dei etiske retningslinene skal vurderast kvart år. Ordførarar, rådmenn/kommunedirektørar og tilsette medverkar i den årlege vurderinga og oppdateringa.

Opplæring.

Etiske retningsliner skal gjennomgåast som ein del av arbeidet med Strategisk plan.

Alle nyttilsette skal få kjennskap til retningslinene som ein del av introduksjonsprogrammet.

Aktuelle lover og reglar.

Straffelova.

Lov om offentleg anskaffelse

Arbeidsmiljølova

Forvaltningslova

Offentleglova

Arbeidsreglement

Handsaming av varsling om brot eller mistanke om brot på etiske retningsliner.

Retningsliner for dagleg leiar.

1. Ved varsling om mistanke skal dagleg leiar

- starta gransking for å stadfesta eller avkrefta mistanke

- kva har skjedd
- samla bakgrunnsinformasjon, klargjera sakshandsaming m.v.
- sikra ev. bevis

2. I første fase er det viktig å involvera overordna, og drøfta situasjonen og vidare tiltak og gransking. Ansvarleg leiar har ansvar for at dette skjer diskret.

3. Ved stadfesta mistanke må det utarbeidast aksjonsplan, som kan omfatta:

- kontakt med styreleiar
- samtale med mistenkte
- melding til politi

4. Aksjonsplan skal i alle høve drøftast med styreleiar.

5. I heile prosessen er det viktig at opplysningar og tilhøve vert dokumentert.

Framlegg il vedtak

Samarbeidsrådet for Sunnhordland godkjenner framlegg til etiske retningslinjer for Samarbeidsrådet for Sunnhordland / Visit Sunnhordland.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 5. juni kl. 09.30
Stord Hotel, Stord

Sak 26/20
GJG/rr

Hordfast – vidare arbeid

Gjennom prosessen med Vestland fylkeskommune si handsaming av prioriteringar til NTP 2022-2033 kom det tydeleg fram at det var sterk motstand mot Hordfast, og at det var tendensar til omkamp om traseval. I uttalen som vart vedteken er E39 ferjefri kyststamveg prioritert på andre plass, men Hordfast er ikkje omtala.

«b) E39 er den mest sentrale transportkorridoren for heile Vestlandet og må prioriterast som hovudferdselsåre med tilstrekkeleg standard for å binde landsdelen saman, og for å styrke sambandet med Europa. Det må utarbeidast ein samla plan for utbygging av denne ferdelsåra. Fylkestinget opprettheld visjonen om ein ferjefri E39. Fleire strekningar manglar i stor grad gul midtstripe, har dårleg kurvatur og utgjør flaskehalsar på vegnettet. Særleg er behova store på strekningane E39 Heiane-Ådland, E39 Klauvaneset-Vågsbotn, E39 Eikefet-Romarheim, E39 Bogstunnen-Gaular grense, E39 Storehaug-Førde og E39 Byrkjelo-Grodås, samt utbetring av punkt på strekninga Byrkjelo-Sandane. E39 Storehaug-Førde vil erstatte den ulukkesbelasta, bratte og svingete vegen ned til Førde sentrum frå sør. Prosjektet vil også gje stor innsparing i reisetid, vere eit viktig trafikktryggleikstiltak og bør derfor prioriterast i første periode, saman med parsellar som i dag ligg inne i NTP. E39 Klauvaneset-Vågsbotn er også ulukkesutsett og har for låg standard i forhold til trafikkmengda, vi forventar oppstart av denne strekninga i første periode. Fylkestinget rår til at det blir sett av midlar til lenging av Fløyfjellstunnen til Eidsvåg for å kunne leggje til rette for Bybana sitt byggjetrinn 5 til Åsane. Dette arbeidet må sjåast i samanheng med oppgradering av Fløyfjellstunnen etter tunneltryggleiksforskrifta.»

I handlingsplanen for Samarbeidsrådet for Sunnhordland er det sagt følgjande om E39 – Hordfast:

Realisering av ein ferjefri kyststamveg E39 har vore og er ei sentral arbeidsoppgåve for Samarbeidsrådet for Sunnhordland. I Nasjonal transportplan 2018-2029 er det lagt 14 mrd. kroner til bygging av E39 Stord- Os, Hordfast i siste del av planperioden, og 5 mrd. anna finansiering i første planperiode. Det er opna for ein tidlegare byggstart kring 2022, dersom kostnadane ved prosjektet vert redusert. Statens vegvesen har no lagt fram ein ny prognose, der kostnadane er redusert til 35 mrd. kroner.

Overordna mål

Få realisert/oppstart av ferjefri kyststamveg mellom Akسدal-Os i første fireårsperiode av NTP.

Delmål

- Avkorta reisetida mellom Stord og Kvinnherad, med fokus på tilknytning til E39
- Planmidlar E39 Heiane-Ådland

Milepålar

Planavklaring kryssing av Langenuen og Bjørnefjorden

Prioritert arbeid:

Sikra finansiering av arbeidet med E39 Stord-Os.

Tiltak våren 2020

Møte med stortingspolitikarar frå Hordaland

Fokus:

- Regionale prosjekt i NTP

Møte med fylkesordførar/fylkeskommunen

Fokus:

- Arbeida for at flest mogleg tilførselsveggar til E39 vert klassifisert som overordna.
- Avkorta reisetida mellom Stord og Kvinnherad, med fokus på tilknytning til E39

Møte med Statens vegvesen

Fokus:

- Tett dialog om Statens vegvesen sitt planarbeid
- Avkorta reisetida mellom Stord og Kvinnherad, med fokus på tilknytning til E39
- Andre tilførselsveggar til E39

Kommunikasjonsstrategi /media

Fokus:

- Samfunnsnyttan ved bygging av Hordfast
 - Prosjekt i Hordaland må ikkje setjast opp i mot kvarandre
 - Trase er valt- ingen omkamp

Ut i frå vedtaket i Fylkestinget og fram til Stortinget si handsaming av NTP 2022-2033 meiner administrasjonen at det er naudsynt at Samarbeidsrådet tek ei drøfting på kva som vert viktigast at Samarbeidsrådet arbeider med for å sikra at Hordfast vert prioritert i første planperiode med nødvendig finansiering.

Saka vert lagt fram til drøfting

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 5. juni kl. 09.30
Stord Hotel, Stord

Sak 27/20
GJG/rr

Mogleg overgang til Rogaland fylke

Kommunestyret i Stord har hatt ei drøfting på kommunen og resten av Sunnhordland sin situasjon etter overgangen til Vestland fylkeskommune. I debatten var det og oppe om kommunen bør melda overgang til Rogaland.

Bakgrunnen for debatten var blant anna forventningar som låg til grunn til desentraliserte oppgåver, og fylkesutvalet si handsaming av ferjefri kyststamveg, Hordfast.

Kommunestyret i Stord kommune handsama spørsmål om mogleg overgang til Rogaland fylke i møte 14.05.20 og fatta følgjande vedtak:

1. *Kommunestyret ser med uro på den haldninga som Vestland fylke legg for dagen når det gjeld ivaretaking av Sunnhordland sine interesser, og ser at avstanden til fylkesnivået er blitt større etter regionreforma.*
2. *Kommunestyret ber difor ordførar løfte ei sak opp for Samarbeidsrådet for Sunnhordland, der ein ber Samarbeidsrådet om å greie ut følgande:*
 - a. *Foreta ei undervegsevaluering av Sunnhordlandskommunane si rolle i det nye Vestland fylke*
 - b. *Vurdere om Sunnhordlandskommunane har ein tydeleg nok posisjon i det nye fylke. I dette arbeidet skal fylkeskommunen koplast inn for å synleggjera sitt syn på saka.*
 - c. *Ut frå arbeidet, vurdere om det er tenleg å gå vidare med prosessar som leiar mot utgreiing for å vurdere fylkestilknytning.*
3. *Kommunestyret ber om at saka kjem attende til handsaming hausten 2020 dersom Samarbeidsrådet finn å kunne gjennomføre ein slik prosess.*
4. *Ei vurdering av eventuelt fylkesbyte skal innehalde vurderingar frå fagorganisasjonane og fagmiljøa ved sentrale institusjonar som HVL og Stord Sjukehus.*

Kommunestyret i Stord ber om at saka vert sett på agendaen til første møte i Samarbeidsrådet.

Vurdering

Ut i frå intensjonsavtalen mellom tidlegare Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune var det grunn til å ha høge forventningar til at nokre funksjonar i nye Vestland vart lagt til Sunnhordland. Samarbeidsrådet vart i desember 2017 utfordra av dåverande fylkesordførar Anne-Gine Hestetun til å koma med ynskjer på kva område ein såg føre seg som eigna å få lagt til regionen. Samarbeidsrådet har hatt fleire møter og god dialog med aktørane i prosessen fram til avgjerda vart teken. Det var difor skuffande å registrere at Sunnhordland vart valt vekk som lokalitet for ein eller fleire funksjonar. Det er difor grunnlag for å ta ei undervegs evaluering av Sunnhordlandskommunane si rolle i det nye Vestland fylke.

I vedtaket frå Stord kommune vert det og beden om ei vurdering på om Sunnhordlandskommunane har ein tydeleg nok posisjon i det nye fylke. I dette arbeidet skal fylkeskommunen koplast inn for å synleggjera sitt syn på saka.

Administrasjonen rår til at Samarbeidsrådet tek på seg denne oppgåva, men vedtaket frå Stord kommune bør etter administrasjonen si vurdering delast i to fasar, der fase 1 vert frå punkt a og b. Resultatet her vert grunnlaget for å ta standpunkt til om ein skal gå vidare til punkt c, og eventuelt kva kommunar som vert med vidare i ein slik prosess.

Samarbeidsrådet må og ta ei drøfting på om dette er arbeid som skal gjennomførast i eigen regi, eller om det må kjøpast tenester.

Framlegg til vedtak

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil gjennomføra ei undervegs evaluering av Sunnhordlandskommunane si rolle i det nye Vestland fylke.
2. I fase 1 skal det gjerast ei vurdering om Sunnhordlandskommunane har ein tydeleg nok posisjon i det nye fylke.

Fylkeskommunen skal koplast inn for å synleggjera sitt syn på saka.

3. Ut i frå resultatet frå fase 1. skal det gjerast ei vurdering om det er grunnlag for å starta arbeidet med fase 2, om det er tenleg å gå vidare med prosessar som leiar mot utgreiing for å vurdere fylkestilknytning.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 5. juni kl. 09.30
Stord Hotel, Stord

Sak 28/20
GJG/rr

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - høyring og offentlig ettersyn

Fylkesutvalet i Vestland vedtok i møte 30. april å sende Utviklingsplan for Vestland på høyring med høyringsfrist 28. juni.

Fylkeskommunen legg opp til eit digitalt høyringsmøte 2. juni.

Framlegg til uttale vil difor verta ettersendt.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 5. juni kl. 09.30
Stord Hotel, Stord

Sak 29/20
GJG/rr

Skriv og meldingar

a) Bemanning i administrasjonen

Det vert ei orientering om status i møtet.

b) Kommunal museumsstrategi – status

I sak 23/19 gjorde Samarbeidsrådet følgjande vedtak :

Samarbeidsrådet for Sunnhordland oversender Kommunal Museumsstrategi til rådmannsutvalet for vidare arbeid.

Rådmannsutvalet har drøfta saka i sitt møte i mai, og vil i møte gje ein status.

c) Møte med Haugalandrådet 5 juni – utsett

Grunna korona situasjonen vert møtet utsett til over sommaren. Ny dato må planleggast med Haugalandrådet.

d) Status prosjekt i Samarbeidsrådet

Det vert ei kort orientering om nokre av prosjekta i møte.